



Austevoll kommune

Sjøliv FUS barnehage AS
Makkhamn 43

5384 TORANGSVÅG

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
22/794- 2021034895/13	22/794		14.06.2022

Endeleg rapport etter stadleg tilsyn i Sjøliv FUS barnehage mai 2022

Austevoll kommune har i perioden 1.04.2022 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Sjøliv FUS barnehage. Kontaktperson i barnehagen: Aud Iren Troland, dagleg leiar.

Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Sjøliv FUS barnehage 03.05.2022.

Det vart avdekket lovbrøt under tilsynet. Lovbrøtet er retta innan fristen 5. juni 2022.

Om tilsynet med Sjøliv FUS barnehage

Austevoll kommune, som barnehagemyndede, fører tilsyn med SjølivFUS barnehage, jf. barnehagelova § 53. *Kommunen sitt tilsyn med barnehagene.* Kommunen sitt tilsyn med barnehagene, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnedrift. Barnehagemyndede i Austevoll kommune har ansvar for å sjå til at barnehagene vert drivne etter barnehagelova § 10.

Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehager og delegert fullmakt:

- Lov om barnehager med tilhøyrande forskrifter.
- Rammeplan for innhaldet i og oppgåver i barnehagen

Tema og føremålet med tilsynet (Lov om barnehager):

- § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste
- § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval
- § 37 Barn med nedsett funksjonsevne
- Kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø § 41, 42, 43
- § 25 Pedagogisk bemanning (inkl. § 1 Norm for pedagogisk bemanning, forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager)
- § 25 Grunnbemanning

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfyljing av krav innanfor dei oppgitte emna, og rapporten viser eventuelle lovbrøt som vart avdekte under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Sjøliv FUS barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 01.04.2022. Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehagelova §§ 10 og 53. Tilsynet vart

gjennomført ved gransking av framlagte dokument og ved intervju av personar knytt til barnehagen.

Rettslege krav

Etter barnehagelova § 53 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjeningspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Foreldrerådet skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar vedtak om stenging.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentlig mynde. Det følgjer av barnehagelova § 10 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.

Kommunen sin konklusjon

Austevoll kommune har i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Sjølv FUS barnehage jf. barnehagelova med forskrifter, ikkje funne brot på regelverket. Endeleg tilsynsrapport blir gjort offentlig på kommunen sine heimesider.

§ 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.

Lovbrot ikkje funne.

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Lovbrot ikkje funne.

§ 37 Barn med nedsett funksjonsevne

Lovbrot ikkje funne.

Kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø §§ 41, 42, 43

Lovbrot ikkje funne.

§ 25 Pedagogisk bemanning (barnehagelova) og § 1 Norm for pedagogisk bemanning (forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager)

Lovbrot er retta.

§ 26 Grunnbemanning

Lovbrot ikkje funne.

Sjølv FUS barnehage fekk frist til 5. juni 2022 for å kommentere førebels tilsynsrapport og retta lovbrøt. Austevoll kommune har mottatt dokumentasjon på at dette er gjort.

Oppvekst, kultur og fritid

Brit Trellevik
konst. kommunalsjef

Wenche Gloppen
Rådgjever administrasjon/barnehage

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift.

Mottakarar:

Sjøliv FUS barnehage AS

Makkhamn 43

5384

TORANGSVÅG